


Bureising på Elgane etter krigen

Olav Magne Tonstad

Det har vore bureising i kommunen gjennom heile 1900-talet. Bureisinga har føregått ved at gardsbruk er blitt delt, noko som det er mange eksempel på rundt om i heile kommunen, heilt opp



Skjerpeplogen som vart brukt til nydyrking etter krigen. Foto: ukjent.

til slutten av det første hundreåret. Eller så har rydding av nye gardar føregått ved at det har vore ei organisert bureising, der staten og kommunen har spela ei viktig rolle. Det har vore organisert bureising på Bjorheim på 1920-talet og utover, på Skretting og Håland (Høg-Jæren) om lag samstundes, og på Elgane frå slutten av 1950-åra og utover.



Dyrking med brøyt som tok seg fram på hjul. Foto Bondevennen.

Bureising av Elganefeltet på Høg-Jæren var den siste omfattande bureisinga i Hå. Dette området var tidlegare ein del av gardane på Skretting og Håland. Varhaug kommune kjøpte opp eit areal på 1800 dekar av bøndene og etablerte Elganefeltet. Jorda skulle delast ut til 8 bureisarar. Eit av bruka vart ikkje bygd ut, og vart selt som tilleggsjord. Eit anna bruk gjekk ut som tilleggsjord, og vart slått saman med den garden som vart delt i frå i samband med etablering av bureisingsfeltet. Ein teig vart lagt til garden på Lilleland. Talet på bureisingsbruk vart derfor redusert til 6 bruk. Med dei to gamle bruka på Elgane, gnr. 59, bnr. 9 i Hå og gnr. 59, bnr. 19 i Hå, vart det 8 gardar på Elganefeltet.

Staten skulle betale kostnadane med å bygge veg over bureisingsfeltet og å grave hovudkanalane. I tillegg skulle staten betale ein del av utgiftene til nydyrking. Bureisarane skulle få om lag 200 dekar kvar. Planane om bureising kom i gang tidleg på 1950-talet, men det vart først på slutten av 1950-talet at dei første nye bøndene tok fatt på bureisingsarbeidet.

Jorda skulle dyrkast opp, og bygningane skulle byggast. Etter kvart tok maskinane over for spett og steinbukk. Skjerpeplogen vart teken i bruk, og den gjorde arbeidet mykje lettare. Så kom brøyten, som skulle bli stadig meir viktig for dei som skulle rydde nytt land. Brøyten var den første sjølvgåande hydrauliske gravemaskinen produsert i Europa. Den vart konstruert av

brødrene Ingebret og Kristian Søyland og produsert av Brødrene Søyland Mek. Verksted på Bryne på Jæren i 1956. Den tok seg fram på hjul. Mange tusen dekar ny jord vart dyrka med brøyten.

Den offisielle markeringa av opprettinga av Elganefeltet skjedde på ei tilstelling på kommunehuset på Varhaug 17. august 1961.

I dag er det 5 bureisingsbruk i drift på Elgane. Ein gard vart tidleg på 2000-talet selt som tilleggsgjord til ein gard på Skretting. Dei tidlegare eigarane bur i det fråskilde huset på garden. Ein av gardane vert leigd ut. Eigarane bur i bustadhuset, men har leigd ut jord og kvote.

Jens og Gerd Ånestad bureiste Langholen på Elgane

Ein av bureisarane var Tore Ånestad. Han hadde fått hand om parsellen som heitte Langholen, som kom frå Håland. Han tok fatt på grunnarbeidet med driftsbygningen. Men så fekk han tilbod om å kjøpe ein gard i Telemark, som han tidlegare hadde forpakta. Han overlèt bureisinga til yngste



Jens og Gerd Ånestad bureiste garden Langholen på Elgane. Driftsbygningen stod ferdig i 1961, og bustadhuset stod ferdig året etter. Bustadhuset er om lag slik som då det vart bygt, men driftsbygningen, som er ei Norheimløe, er utvida fleire gonger. Dronefoto av gardstunet i 2021. Foto Karin Hansen Nærland.

broren, Jens Ånestad. Det var snau 50 år då han kom til Elgane. Garden hadde eit areal på 236 dekar. Det offentlege betalte for oppdyrking av dei første 50 dekar. Så sponsa staten dyrking av dei neste 50 dekar, slik at Jens Ånestad måtte betale 5000 kroner for dyrkinga. Han fekk hjelp av brørne Lars Ånestad og Hans Ånestad, som dreiv kvar sin gard på Ånestad. Dei hadde traktorar og var til god hjelp for bureisaren. Jens Ånestad leigde hjelp av brørne Malvin,

Sven og Kåre Ueland til å dyrka jorda på Langholen. Dei dyrka jorda med ein bulldosar og ei tysk panservogn frå krigens dagar, som dei hadde bygd om til ein vaiergravemaskin.

Driftsbygningen til Jens Ånestad stod ferdig i 1961. Det var ei Norheimløe. Den hadde plass til 20 mjølkekyr og purker i den nordre enden av første etasje og sauer i låa. Driftsbygningen vart bygd i to etasjar i tillegg til kjellar. Bustadhuset stod ferdig i 1962. Han starta opp med fire kyr i fjøset. Desse leigde han av brørne sine på Ånestad. I tillegg fekk han seg nokre få sauer.

Dei første åra hesja Jens Ånestad graset, noko som framleis var vanleg på Jæren. Etter kvart vart det mindre hø, og siloen tok over meir og meir. Etter nokre år bygde han to siloar i den enden av driftsbygningen som vender ut mot vegen, som gjekk forbi garden. Jens Ånestad hadde hest dei første åra på Langholen. Den første traktoren, ein Massey Ferguson 30, kjøpte han i 1963. Men han beholdt hesten endå nokre år. Traktoren vart nokre år seinare erstatta med ein MF 135. Seinare vart driftsbygningen bygd på. Jens Ånestad gifta seg i 1966 med Gerd. Det vart mykje arbeid og mange strevsame år for ekteparet og dei tre borna, Tarald, Guri og Ståle. Det var likevel gilde år på

Elgane. Men Jens Ånestad seier likevel at han ville ikkje ha gjort det igjen. Kan hende bureisinga vart for strevsam?

Gerd og Jens Ånestad er av dei siste gjenlevande av bureisarane på Elgane. Dei gav ifrå seg garden til eldste sonen Tarald Ånestad i 1991, då dei flytte til Varhaug. Tarald Ånestad har drive garden i 30 år. Han driv med mjølkekyr, slakteoksar og litt sauer. Garden har ein mjølkekvote på 204 000 liter. På båsan i det gamle båsfjøset, som framleis er i bruk, står det 30 mjølkekyr. Tarald Ånestad selde garden til ei niese, Åse Ånestad. Ho og mannen, Gaute Ødemodtland, overtok garden i januar 2021 og flytta til Langholen.

Sjølvald bureisar på Torland

Olav Lende var ein av dei siste bureisarane i kommunen, og han valde sjølv å bli bureisar. Han eigde ein stor gard på Torland, som han delte i to i 1969, etter at han hadde fått løyve til å gjere det av Rogaland fylkeslandbruksstyre. Den delen av garden som hadde bygningar og mest dyrka jord, overlèt han til broren, Ragnvald Lende.

Olav Lende flytte så ned på sletta og bureiste den nye garden, som då hadde berre om lag 50 dekar fulldyrka jord. Han bygde nytt hus og ny driftsbygning i 1969. Driftsbygningen er planlagt og teikna



Driftsbygningen er ei Muslandsløpe frå 1969. Den vart påbygd med ei avdeling for lausdrift i 1999. Olav Lende var truleg ein av dei siste bureisarane i kommunen. Foto: Olav Magne Tonstad.

av Lars Musland. Bustadhuset vart bygd med ei grunnflate på 90 kvadratmeter. I åra etterpå dyrka han opp om lag 200 dekar, slik at garden i dag har 248 dekar dyrka jord. Olav Lende har dyrka opp heile garden. Driftsbygningen vart påbygd med ein avdeling for lausdrift i 1999.

Det er sannsynlegvis det siste lausdriftsfjøset i kommunen, som vart bygd i to etasjar. Frå 2000 gjekk bøndene over til å bygge lausdriftsfjøs i ein etasje. Heile driftsbygningen til Olav Lende inkludert siloane i den eine enden, har ei grunnflate på ca. 1000 kvadratmeter. Det er plass til 34 liggebåsar for mjølkekyr i tillegg til ungdyr. Det er sett inn mjølkestall i fjøset. Det vart drive med mjølkekyr på garden fram til 2007. Etter den tid har garden med ein kvote på ca. 205 000 liter blitt leigd bort. Olav Lende døydde i 2008. Men verket hans viser igjen. I dag er det sonen, Geir Lende, som eig garden.

Med ein driftsbygning på 1000 kvadratmeter og eit bustadhus på 90 kvadratmeter, er denne garden eit godt eksempel på ein gard med lite bustadhus og ein stor driftsbygning. Bureisingsbonden på Torland prioriterte tydelegvis oppbygginga av garden og driftsbygningen, framføre andre ting å bruke pengane på.

Litteraturliste

Bøker:

Time, Einar K. 1995: Varhaug Bondelag 75 år. Artikkel om Bureising av Elganefeltet

Lokale blad:

Varhaugbuen nr. 3 2017: Nybyggerane på Elgane , ved Sjur Håland

Andre kjelder:

Under arbeidet med artikkelen har eg hatt mange samtalar med bønder og andre fagfolk.